


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
JANUAR 2024**



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00

Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00

www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Måndag 15.00 - 19.00

Tysdag 14.00 - 18.00

Onsdag 14.00 - 18.00

Torsdag 12.00 - 15.30

Fredag 12.00 - 15.30

Laurdag 10.00 - 14.00

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 23. januar kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 1. februar. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint

FORSIDEFOTO:

Svaner på

Svelavatnet (20.01.23).

Foto: Bjørn Hille

ORDFØRAREN SITT HJØRNE



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

Gode sambygdinar

På vegne av meg sjølv og Bjerkreim kommune, vil eg ynske alle eit godt nytt år! Desember, med sine festdagar, tradisjonar og forventningar er tilbakelagt. Eg håper det har vore ei god høgtid.

Dei ulike årstidene og månadane har sine faste hendingar. Slik er det òg for oss folkevalde. Desember er tida der budsjett for komande år skal bestemmast. Me skal fordela inntektene me får frå innbyggjarar, stat og frå selskap me eig i, best mogleg. Me har ulike prioriteringar, og det vil de som innbyggjarar òg ha.

Me har eit godt demokrati i Noreg, der ein både kan vera rykande usamde, og i neste augneblink ta ein kaffi saman. I Bjerkreim speilast det gode politiske demokratiet i eit av kommunestyra sine faste desembertradisjonar. Etter siste møte samlast me alle til felles konsert med kulturskulen. Slik og i år, denne gongen leia av vår nye kulturskulerektor Glenn Paulsen. Kulturskulen vår har nærare 200 elevar innanfor song, instrument, dans, drama og kunst. Til samanlikning har Vikeså og Bjerkreim skule til saman rundt 420 elevar. Det betyr at nærare halvparten av elevane har kulturskulen som ein av sine fritidsaktivitetar.

Denne kvelden er det og tradisjon for å be inn tidlegare ordførarar, samt tilsette i kommunen som skal heidrast. I år hadde me heile fem jubilarar: Anne Karin Gystøl, Aud Vaule og Unni Bjørlew har alle 25 år bak seg i kommunen. Siri Sjøtrø og Grete Eikeland har ikkje mindre enn 40 år som trufaste tilsette. Bjerkreim kommune kan aldri levera gode tenester utan alle våre dedikerte og kompetente tilsette. Det er alle desse som er kommunen. Me har i fellesskap ansvar for å gjera Bjerkreim best mogleg, for flest mogleg.

I julehøgtida har dei aller fleste av oss hatt ekstra fridagar, og meir tid til familie. Nokre få har ein jobb som ikkje kan utsettast. Alle innan for helse, der ein må vera på 24/7, fortener alltid ein ekstra takk. Takk og til bønder som har husdyr å ta seg av, og som produserer mat året rundt.

Så er me no, i starten på eit nytt år. 366 nye dagar, ein ekstra dette året. Det er noko lyst og fint med januar. Trass i at mørket enno heng over oss, så tikkar klokka mot lysare og lengre kveldar. Ein har alle desse reine, ubrukte dagane som Prøysen så fint skriv om. Sjølv om livet for alle byr på både opp- og nedturar, så er det alltid håp. Måtte 2024 verta eit fredeleg og godt år.

Vennleg helsing, Tone Vaule

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

Gruppemøte: Måndag 22.01 kl. 19.00

Formannskap: Tysdag 23.01 kl. 19.00

Kommunestyre: Tysdag 30.01 kl. 18.00

SVØMMEKURS VÅREN 2024

Oppstart etter juleferien, påmeldingsfrist 5. januar. Åtte kursdager, kursdag er fredager:

Kl. 15.45 - 16.30 - grunnkurs

Kl. 16.30 - 17.15 - småbarn

Kl. 17.15 - 18.00 - grunnkurs

Kl. 18.00 - 18.45 - viderekomne 1

Kl. 18.45 - 19.30 - viderekomne 2

Elektronisk søknad skjema og mer informasjon om de ulike kursene finner du på kommunen sine hjemmeside under Skjema/søknadssenter – kultur og fritid. Vi tar forbehold om endringer.

OFFENTLEG SYMJING

Ring 404 44 955 for å reservere plass. Velkommen til synjehallen på Vikeså skule, kvar laurdag frå 21.10 t.o.m. 23.12. Oppstart etter nyttår 6. januar. Maks 15 personar får plass i kvar badegruppe for vaksne, maks 25 pr. gruppe på familiebading. Gratis adgang. Bleiebarn må bruke badebleie.

Opningstider:

Kl 10.00 – 10.45: Vaksne over 18 år (garderobe frå 09.45)

Kl 10.45 – 11.30: Vaksne over 18 år

Kl 11.30 – 12.15: Familiebading

Kl 12.15 – 13.00: Familiebading

Kl 13.00 – 13.45: Familiebading

Lister vert lagt ut i gangen frå kl 09.45 for å reservere plass på dei ulike gruppene. Du kan gjerne møte opp utan å ha reservert plass på førehand, men alle må registrere seg før dei går i garderoben. Bur du langt frå bassenget og har vanskar med å kome innom på førehand, så kan du ringe badevaktane og reservere tid.

Ha eit godt bad!



UKM BJERKREIM

Årets UKM i Bjerkreim går av stabelen fredag 8. mars kl 18.00 på samfunnshuset. Påmelding er nå åpen, påmeldingsfrist 22.02.2024 kl 23.59.

Bilde, musikk, sang, dans, teater, band, litteratur, cosplay, arrangør, konferansier, meld deg på UKM.no og vis hva du kan! Nedre aldersgrense i lokalmønstringen er 10 år.

De som fyller 13 år i år og opp til 20 år kan gå videre til fylkesmønstring. Lurer du på noe, kontakt Bjerkreim kulturkontor på tlf 988 80 147.



bjerkreim.friskus.com



FRISKUS AKTIVITETSKALENDER

Ønsker du å få oversikt over aktiviteter, fritidstilbud og frivillige oppdrag i Bjerkreim kommune? Sjekk ut bjerkreim.friskus.com! Vil du selv arrangere aktiviteter eller trenger du noen frivillige hjelpere? Registrer deg på friskus.com og opprett en aktivitet eller et frivillig oppdrag. For spørsmål eller hjelp, ta kontakt med frivillighet- og folkehelsekoordinator på e-post: line.pettersen@bjerkreim.kommune.no.

FORFATTARBESØK



Arnt Olav Klippenberg kjem til Bjerkreim folkebibliotek tysdag 23.1.2024 kl. 19.30. Klippenberg er journalist, kåsør og forfatter. Han har bl.a. gitt ut ein historisk romanserie frå vikingtida, med lokalt utgangspunkt. Den femte boka kom i haust.

Program:

-Kåseri

-Samtale/ intervju

-Enkel servering

Velkommen!

GRATIS KLÆR OG SKO I SKJERABERGET

Byttebutikken Gi og ta - klær og sko for liten og stor holder åpent to dager i uka i Skjeraberget folkehelsehus. Alle kan hente seg klær og sko, uten å levere inn noe selv. Byttebutikken holder vanligvis åpent mandager kl. 11.00-15.00 og onsdager kl. 15.00-19.00. Adresse: Pittervegen 6, 4389 Vikeså. Kontaktperson: Nina Johnsen tlf. nr. 907 15 916

SØK OM FRITIDSSTØTTE

Fritidsstøtte er en ordning for familier som trenger økonomisk støtte for at barna skal kunne delta på fritidsaktiviteter. Pengene kan for eksempel brukes til å betale medlemskap, lisenser, utstyr, turer, cuper, turneringer, heiskort, reiser, leir eller lignende. Fritidsstøtten er et samarbeid mellom Bjerkreimsmarken og Bjerkreim kommune. Søknadsskjema ligger på Bjerkreim kommunes nettside under: Populært → Skjema/søknadssenter → Kultur og fritid → Søknad om fritidsstøtte. For spørsmål eller hjelp, ta kontakt med frivillighet- og folkehelsekoordinator på e-post: line.pettersen@bjerkreim.kommune.no



LEIAR BJERKREIMSMARKEN

Bjerkreimsmarken har lange tradisjonar. Nå treng me ein leiar med driv og lyst til å vidareutvikla Bjerkreimsmarken.

Du får ansvaret for å:

planlegga og gjennomføra arrangementet saman med lag og foreiningar.

Du bør være:

- ein kremmar som klarer å selge Bjerkreimsmarken
- organisator som klarer å få folk med på den store dugnadsjobben
- marknadsføre arrangementet og få folk med på folkefesten
- sjølvgåande som klarer å organisera eigen arbeidskvardag

Me tilbyr:

- Lønn etter avtale
- Stillinga er i utgangspunktet ein 30-prosentstilling
- Fleksibel arbeidstid og stad

Søknadsfristen er 31. januar. Du startar i jobben så fort som mogleg/etter avtale.

OM BJERKREIMSMARKEN

Stiftelsen Bjerkreimsmarken har som formål å arrangere Marken i Bjerkreim kommune med tilknytning til landbruksnæringa og resten av næringslivet i bygda.

Marken har utvikla seg til å vere eit veldig viktig arrangement i bygda, både kulturelt, sosialt og økonomisk.

GRATIS FOREDRAG MED TRENINGSLÉGEN OLE PETTER HJELLE

Har du som nyttårsforsett å være mer i fysisk aktivitet? Ønsker du å lære mer om effektene fysisk aktivitet har på hjernen, kroppen og helsa? Lurer du på hvor lite aktivitet som er nok for å få helsegevinst? Da bør du komme til **Samfunnshuset onsdag 24. januar kl. 19:00-20:30.**

Ole Petter Hjelle er lege, hjerneforsker og bestselgende forfatter av bøkene «Sterk hjerne med aktiv kropp», «Lev til du blir 100» og «Det digitale dopet» og «Mat for hjernen». Han er også aktuell med podkasten «Hjernesterk» sammen med Mads Kaggstad.

Ta med deg en venn, partner, nabo, kollega eller et familiemedlem på et inspirerende foredrag!

Dato: onsdag 24. januar

Tidspunkt: kl. 19:00-20:30

Sted: Samfunnshuset

Pris: gratis

Arrangør: Bjerkreim kommune

Åpent for alle!



ONSDAGSKLUBBEN 3G GODT HUMØR, GODT KLEDD, GODT MILJØ!

Onsdag 3. januar: Tur til Vinningland/Tengesdal.

Avreise frå Esso, Vikeså, kl. 10.00, eller møt opp ved brua på Kleivane.

Ta med drikke og sitjeunderlag.

Arr. Fellesrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

BJERKREIMSQUIZEN 9-ÅRSJUBILEUM

Vert denne gongen i Skjeraberget.

Onsdag 17.01. kl. 19.30

Startkontingent: kr. 30,-

Kaffiservering. Ta med restar av julebaksten!

Quizmaster: Annette Olden Nedrebø

**VELKOMEN TIL NYE OG GAMLE
«QUIZARAR»!**

SOSIAL KVELD

Tirsdag 9. januar kl. 19.00

i Skjeraberget folkehelsehus.

Velkommen til uformell sosial kveld, med eller uten strikkesøy. God drøs.

Åpent for alle.

Arr. Bjerkreim bygdekvinne lag

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 11. januar kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffe, te og litt å spise. Velkommen alle kvinner!

BRETTSPELKLUBB

Til deg som har lyst til å lære eit nytt brettspel eller har lyst til å spela favorittspelet ditt med nye folk: velkommen til Bjerkreim Brettspelklubb!

Tidspunkt: 10. januar kl. 19.00.

Stad: Skjeraberget

BINGO

Onsdag 10. januar kl. 14 - ca 1600 i peisestova på Vikeså misjonshus.

Alle velkomne.

Arr. Bjerkreim Helselag.

Nasjonalforeningen for folkehelsen



DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjörg Vassbø. Tlf. 486 03 535

Nasjonalfor. for folkehelse

BJERKREIM PENSJONISTLAG

Årsmøte torsdag 25. januar kl. 14.00 på samfunnshuset.

Val. Kontingent kr 200 pr. år.

Gode smørbrød og kaker. Sang og musikk. Loddsalg og litt bildequiz.

Foredragsholder er ikke klar ennå, men det kommer. Inngang kr. 50,-.

Velkommen.



60 ÅR - TANKAR OM LIVET

Alf S. Ognedal fyller 60 år 9. januar. Alle er med dette inviterte til ein time med bildeseriar og tankar om livet.

Dette skjer på Misjonshuset 9. januar kl. 19.30.

Jubilanten ønskjer ingen gåver, men gi gjerne til Leger uten grenser VIPPS-nummer: 2177

Alle er velkomne.

JILLE FREDAG

Endringer for Jille fredag.

Fra januar 2024 er Jille fredag **for 6. og 7. klassinger.**

Tidspunkt: **kl. 18.30 - 21.30**

I Skjeraberget folkehelsehus.

Datoer utover våren:

- 12. januar
- 2. februar
- 23. februar
- 15. mars
- 12. april
- 3. mai
- 24. mai
- 7. juni

MISJONSHUSBASAR

Tid: 27. jan. kl 15.00, loddsalg fra kl 14.30

Sted: Vikeså Misjonshus

Andakt v/Vegard Mong

Sang v/Soul Kids og Soul Children

Salg av gryterett, pølser og hamburgere

Alle er velkomne!

VIKESÅ MISJONSHUS

- 3. kl. 18.00 Bønnemøte
- 7. kl. 11.00 Søndagssamling og søndagsskule
- 8. kl. 19.00 YngRes
- 6. kl. 17.30 Global kafe
- 9. kl. 19.30 Åpen 60-årsfeiring
- 10. kl. 14.00 Bingo
- 10. kl. 17.30 Global kafe
- 10. kl. 20.00 Samtalemøte
- 19. kl. 20.00 Fredagsklubb
- 22. kl. 19.00 YngRes og Korvett
- 27. kl. 15.00 MISJONSHUSBASAR, loddsalg fra kl. 14.30
- kl. 17.00 Soul Kids kvar torsdag

BJERKREIM BEDEHUS

- 2. kl. 19.30 Bønnemøte
- 3. kl. 10.00 Minsten
- 8. kl. 19.00 Yngres
- 9. kl. 19.30 Bønnemøte
- 10. kl. 10.00 Minsten
- 15. kl. 18.30 Guttelaget og Jentelaget
- 16. kl. 19.00 Årsmøte NLM
- 17. kl. 10.00 Minsten
- kl. 17.30 Global kafe
- kl. 19.30 Møteveke Imf
- 18. kl. 19.30 Møteveke Imf
- 19. kl. 19.30 Møteveke Imf
- 20. kl. 18.00 Lørdagskveld med kveldsmat
- kl. 18.45 Familiemøte med barnesamling
- 21. kl. 11.00 Endelig søndag
- kl. 11.20 Søndagsskule
- 22. kl. 19.00 Yngres
- 23. kl. 19.30 Logos
- 24. kl. 10.00 Minsten
- kl. 17.00 Barneveke
- 25. kl. 17.00 Barneveke
- 26. kl. 18.00 Barnevekefest
- 29. kl. 18.30 Guttelaget og Jentelaget
- 30. kl. 19.00 Årsmøte Imf og bedehuset
- 31. kl. 10.00 Minsten
- kl. 17.30 Global kafe

BARNEVEKE

på Bjerkreim bedehus 24. - 26. januar.

24. og 25. januar barnemøte kl. 17.00

Fredag 26. januar familiefest kl. 18.00.

Velkommen til små og store!



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER

Sundag 7. januar

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 14. januar kl. 19.00.

(Merk tid!) Lovsongsgudsteneste med tema frå Johannes Openberring

Sundag 21. januar kl. 11.00.

Høgmesse i Ivesdal kyrkje

Sundag 28. januar kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje
Utdeling av Biblar til 6. trinn

DØYPTE

03.12.23 Oskar Sundvor Sæstad

DØDE

06.12.23 Grete Vassbø

LYST PÅ EIT VERV?

Etter valet i haust er det oppnemnt nye utval som har ansvar for ulike felt som Bjerkreim kyrkje arbeider med. Dei ulike utvala vil tre i kraft etter nyttår, men det er plass til fleire. Har du lyst til å vere med i meiningsfylt arbeid som diakoni, trusopplæring, gudstenesteforming, misjon eller konfirmantarbeid?

Oppgåvene er overkomelege for dei aller fleste. Send gjerne ein e-post eller ring, så kan vi ta ein prat om kva oppgåvene går ut på og ser om det kan passe for deg. post@bjerkreimkyrkja.no eller 51201198.

DÅPSSKULEN 2024

1. og 2. trinn på Bjerkreim skule får tilbod om dåpsskule i 2024. Me skal lære om skapinga, dåpen, nattverden mm. Det skjer på torsdagar like etter skuletid (kl. 13.10. til ca. kl. 14.45).

Datoane blir truleg: 18. og 25. januar, 15. og 22. februar

Hugs og familiegudstenesta med diplomutdeling i Bjerkreim kyrkje søndag 24. mars kl. 11.00. Me sender invitasjon etter kyrkja sitt medlemsregister, men ALLE er velkomne.

Ta kontakt på tlf. 51 20 11 95/98 eller e-post: post@bjerkreimkyrkja.no dersom nokon manglar invitasjon.

NY KLOKKAR I IVESDAL

Ved nyttår slutta Ola Birkeland som klokkar i Ivesdal kyrkje. Han har hatt ulike verv og stillingar i soknet i 50 år, og vi takkar han for stor innsats gjennom både tydeleg forsong og høgtlesing og minneverdige kommentarar.

Vi er glade for å kunne ynskje Gjermund Vassbø velkomen som ny klokkar i Ivesdal. Han vil delta på gudstenester på søndagar og i høgtider.

ANDAKT PÅ SJUKEHEIMEN

Av ulike grunnar er andaktane no kvar tysdag kl 13.30. Alle er velkomne.



BIBLAR TIL 6. KLASSINGAR

Dei som går i 6. klassetrinn (født 2012) og som står i kyrkja sitt medlemsregister, vil få invitasjon i posten til å få bibel og til å vera med på bibelvandrings-treffet «Kode B - tøffe typar i Bibelen» i ettertid.

Utdelinga skjer på familiegudstenesta i Bjerkreim kyrkje søndag 28. januar kl. 11.00.

ALLE på 6. trinn er velkomne til å vera med. Ta kontakt på tlf. 51201195/98 eller e-post: post@bjerkreimkyrkja.no dersom nokon manglar invitasjon.

TIL ETTERTANKE

Jeg leste for en stund siden om begravelsen til tidligere ordfører i Time kommune, Arthur Løvik. Daglig leder i Time kyrkje, Anna Bergitte Skårland, var tilstede i begravelsen, og hun bet seg merke i ett sitat fra minnetalen som hun seinere omtalte i menighetsbladet:

«Vær 75 prosent overbevist, for da vet du hvor du står og skifter ikke mening som en værhanne. Samtidig har du evnen til å lytte til andre, høre, ja, om nødvendig så har du evnen til å skifte mening. Er du 100 prosent overbevist, da blir du umulig, da hører du kun på deg selv. Fanatisme er farlig og ødeleggende.» - *Arthur Løvik*.

Vi har lov til å undre oss. Vi har lov til å stille spørsmål. Jesus tålte disiplene sine mange spørsmål og han lot dem undre seg. Når vi våger å være interesserte og nysgjerrige på hva andre tenker og hvorfor, kan det også skape nysgjerrighet tilbake og dermed også spennende og gode samtaler.

La oss følge Arthur Løvik sitt eksempel, være 75 prosent overbevist. La oss være ydmyke overfor hverandre, lytte til hverandre og respektere hverandre. La oss tåle hverandres ulikheter og ulike meninger. Elske hverandre. Og la oss leve sammen som søsken, med blikket festet på Jesus. Han er vår redningsmann. Han har ikke gjort seg avhengig av at vi må være 100 prosent overbevist. Vi kan bare klamre oss fast til ham og han vil aldri slippe oss.

Dette er gode ord fra Anna Bergitte, og jeg vil også legge til Josva sin oppfordring: «Vær frimodig og sterk! Frykt ikke, og vær ikke redd! For Herren din Gud er med deg i alt det du tar deg fore.» - *Josva 1,9*.

Per Børge



VIKTIG PÅMINNING OM PT 2023

Landbrukskontoret vil på ny minna dykk på at dersom de ikkje har fylt inn beløp for avløysar-refusjon når de leverte søknaden om produksjonstilskot innan 15.10.23, eller ikkje hadde brukt heile tilskotet innan då, **så kan de korrigera søknaden på dette punktet fram til 10.01.24.**

Det same gjeld dersom de har sankt heim meir sauer frå utmarksbeite, enn det som vart gitt opp på søknaden 15.10.23. Etter 10.01.24 kan ikkje dette korrigeraast, og eit godt tips er å **gjera endringa så raskt som mogleg!**

Ved behandling av søknadene dykkar om produksjonstilskot, ser me at det er svært mange som bare har brukt halve avløysartilskotet eller mindre.

Ein får **IKKJE** utbetalt meir tilskot enn det ein har søkt om. **Med reine ord så betyr det at dersom du gløymer å korrigera avløysinga, så er pengane «tapt» den 11.01.24.**

Reint praktisk så går de inn på heimesida til kommunen <https://www.bjerkreim.kommune.no> og vel arkfana Næring, landbruk og miljø, så landbruk, deretter *søkje om tilskot og så vel du produksjonstilskot.* Her finn du direkte link til utfylling og endring av søknadsskjemaet i altinn.

Trykk på den blå knappen Start tjeneste, oglogg deg inn via bankid og trykk på «*endre søknaden*». Nå kjem heile søknaden opp, og du kan gjera endringar.

Det er svært viktig at du sender søknaden på ny etter at du har gjort endringane ! Me på landbrukskontoret får så beskjed om at det er gjort endringar i søknaden din, og godkjenner den på ny.

Me vil også nytta høvet til å presisera at dei som brukar delar av avløysartilskotet til kjøp av tenestar frå næringsdrivande, så er det bare persondelen som gir rett på tilskot. Vi godkjenner ein sats på om lag 450 kr/time, eks. mva, for arbeids-/persondelen. Dersom du t.d. vil bruka delar av tilskotet til rundballepressing, er det dermed bare 450 kr/time som er grunnlag for tilskot. Resten som maskinkostnad, nett, plast, syre, gis det ikkje avløysartilskot for.

«Persondelen» skal vera spesifisert på faktura, eller ved hjelp av eit underbilag til fakturaen. Eit slikt underbilag må referere til den aktuelle fakturaen.

Når det gjeld saue-klypping og klauvskjering, så vil heile beløpet utan mva, gje rett på tilskot, då maskinkostnaden er relativ låg.

Når det gjeld kva utgifter, som kan inngå i avløysartilskottet, så er det utgifter til arbeidsoppgåver som det ikkje er uvanlig at bønder sjølv utfører - dvs. **arbeid som bønder flest utfører i husdyrdrifta.**

Dømer på avløsning:

- tradisjonell fjøsavløsning
- Saueklipping og klauvskjæring
- Vedlikehald av driftsbygning i form av til dømes maling eller snekkerarbeid
- Rundballepressing, jordarbeiding og spreiding av husdyrgjødsel
- Gjerdehald
- Beiterydding
- Frakt av dyr til og frå beite mv.

Lurer du på noko, ta kontakt med oss på Landbrukskontoret!

Tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket 2024

Bjerkreim kommune har sammen med Eigersund, Sokndal og Lund inngått et vertskommunesamarbeid om felles skog- og viltforvaltning i Dalane. Som et ledd i denne prosessen ble det ansatt nyttilsatte i stillingene som skogbrukssjef og rådgiver. Vi ønsker å minne skogeiere på at det finnes gode tilskuddsordninger for tiltak som fremmer skogproduksjon. Skogfond med skattefordel er en ordning der grunneier er tvunget til å sette av mellom 4 - 40 % av salgssummen på trevirke. Det skattes kun av 15 % fra summen som settes av på skogfondet. Skattelettet en får av dette kan betraktes som et ordinært statstilskudd som ofte tilsvarer 40 - 50 % av kostnaden på et tiltak.

I Bjerkreim finnes det både kommunale tilskudd og ordinære statstilskudd på en rekke tiltak:

- Nyplanting (90 % tilskudd)
- Suppleringsplanting (100 % tilskudd)
- Ungskogpleie (95 % tilskudd)
- Kunstig kvisting (85 % tilskudd)

Med dagens tilskuddsordninger og bruk av skogfond vil ikke skogeiere belastes økonomisk for å gjennomføre skogkulturtiltak! Det er ekstremt gunstig å benytte seg av disse ordningene og gir et godt grunnlag for videre realisering av gårdens potensiale for verdiskaping. Søknader vurderes fortløpende frem til tilskuddsbudsjettet er tomt. En kan søke på tilskudd gjennom portalen til landbruksdirektoratet. Søk på «tilskudd til miljøtiltak i skog» og fyll ut skjemaet. Skjemaet må deretter sendes inn til kommunen, enten elektronisk eller på papir.

Skogbrukssjefen bidrar både med hjelp til å fylle ut skjema og rådgiving:

Sander Huslende Alfredsen (skogbrukssjef)

E-post: sander.huslende.alfredsen@bjerkreim.kommune.no

Telefon: 472 81 365

INFORMASJON

5 års-jubileum!

MYKSVOLL
MIKROBRENNERI

MEN FYSST KAFFI
handbrent.no
tegn et abonnement i dag
på våre nye nettsider



GO Consult
Olav Engelskjær
Tlf. 906 99 409
post@goconsult.net



fjoscam.no

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv

Gitar og Handverk DA

Gitarreperasjoner og rekvisita

Blomsterdekor til alle anledninger, materiell

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså

Følg oss gjerne på  gitaroghandverk

Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.

Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså

Tlf 924 69 775/ 4000 3150

solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO

FOTOSTUDIO

RAMMEVERKSTED

Han med hatten

FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Bygghus / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222

Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

Fardal Bil AS
DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00
www.fardalbil.no